# Høyringsuttale (KF-340)

Referansenummer: P7Z6T3

Registrert dato: 29.04.2016 10:18:47

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

(•) Personleg　　( ) På vegner av føretak/lag/foreining

### Opplysningar om innsendaren

| | |
|---|---|
| Førenamn<br>Gunn Margaret | |
| Etternamn<br>Stusdal | |
| Adresse<br>Lurevegen 356 | |
| Postnummer<br>5912 | Poststad<br>SEIM |
| Telefon | |
| E-post | |

## Høyringsuttale

### Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

☒ Breibandsutbygging 2016

Uttale

Det er viktig å få med småbygder og utkantskrøk i samfunnsutviklinga, det er ikkje plass og ønske om at alle skal bu sentralt
Raskaste hastighet som kan leverast på breibandet her i området, er 10/1, som i dagens samfunn, der internett spelar ei veldig stor rolle i kvardagen, er elendig.
Opplastninga er særs dårlig, og gjer at visst fleire er på nett samtidig og prøver å sende ut data, ender det opp med at dei med lågast prioritet blir "kasta under bussen." Det vil seie at dei med lågast prioritet får eit nett som ikkje fungerer. Dataspeling og Nettflix kan til dømes ikkje foregå samtidig, da krasjer dataspelinga.

Med dagens elendige hastighet, takler ikkje nettet her å laste opp ein liten filmsnutt ein gang. Har ogå store problem å jobbe med større datamengder, slik som å lage fotobok. Det tek så lang til å overføre data til aktuell server, at det er tilfeldig om det går eller ikkje, og du må gjerne prøve fleire ganger, og det tek fleirfoldige minutt.

Ønsker oss veldig fiber og breiband her på Søre Lie,  så me kan henge med i samfunnsutviklinga. Fleire og fleire tenester foregår via nettet, og det er forventa i dagens samfunn, at du har eit velfungerande internett.

Håper på eit positivt svar!